

Klart vi les!

VEGAR INN TIL DEN NYNORSKE BARNE- OG UNGDOMSLITTERATUREN



Fylkesbiblioteka i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal kan tilby utlån av klassesett til skular.

Nynorske klassesett frå fylkesbiblioteket

VISSTE DU AT Sogn og Fjordane fylkesbibliotek har Noregs største klassesettsamling av barnebøker på nynorsk? Ordninga fungerer slik at skulane gratis kan bestille sett med bøker til bruk i klasserommet. Læraren hentar bøkene på det lokale folkebiblioteket og kan låne dei i opp til to månader. Sjølv om tenesta primært er for brukarar i Sogn og Fjordane, kan også skular i andre fylke låne bøkene om det ikkje er for lang venteliste på dei.

Samlinga er variert, frå gamle klassikarar som Per Sivles *Berre ein hund* til Maria Parr sin moderne klassikar *Vaffelhjarte*. Dei siste åra har det også kome eit solid tilfang av aktuelle samtidsromanar for ungdom og lettlesne bøker. Og det er ingen tvil om at det er dei nynorske bøkene som er mest populære! Det mest utlånte settet i Sogn og Fjordane i 2015 var *Skammarens dotter* av Lene Kaaberbøl. Og av dei 30 mest utlånte klassesetta same året var fem på bokmål, fire på engelsk og heile 21 på nynorsk! Sjå heimesida til

fylkesbiblioteket for å lese meir om ordninga. Der går det også an å melde seg på nyheitsbrev for å få siste nytt om klassesett og andre tilbod frå fylkesbiblioteket: fylkesbiblioteket.sjf.no.

Utlån av klassesett er eit tilbod også frå fylkesbiblioteket i Møre og Romsdal fylke. Oversikt over fylkesbiblioteket sine klassesett finn de på nettsida: mrfylke.no/Fylkesbiblioteket. Gå inn på websøk («Bok- og mediebasen») og vel «Avansert søk». Skriv «klassesett» i fritekstfeltet. Det kjem opp ei liste over alle klassesetta. Ein kan avgrense søket til aldersgruppe og språk. Vel det klassesettet de vil ha, og bestill det som fjernlån på vanleg måte. Skriv i kommentarfeltet kor mange eksemplar de ynskjer.

Lærarar som ynskjer klassesett, kan bestille dei gjennom skulebiblioteket dersom biblioteket har fått tildelt nasjonalt biblioteknummer og autorisasjonskode. Viss ikkje, må lånet bestillast gjennom det lokale folkebiblioteket. Bøkene blir leverte på folkebiblioteket og må hentast der. ■



REDAKTØR: Liv Kristin Bjørlykke Øvereng
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen
SKRIFTER: Auto og Dolly
PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

FRAMSIDEILLUSTRASJON: Åshild Irgens

Heftet er eit samarbeid mellom
Nynorsksenteret, Ivar Aasen-tunet, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek
og Møre og Romsdal fylkesbibliotek.

NYNORSKSENTERET: www.nynorsksenteret.no

IVAR AASEN-TUNET: www.aasentunet.no

MØRE OG ROMSDAL FYLKESBIBLIOTEK: mrfylke.no/Fylkesbiblioteket

SOGN OG FJORDANE FYLKESBIBLIOTEK: fylkesbiblioteket.sjf.no

Nærare 15 000 sjuandeklassingar fekk våren 2016 delta i den aller første nasjonale, nynorske leselystaksjonen «Tid for ti». Kort sagt: Ein suksess! Dermed satsar Foreininga !les og Nynorsksenteret på nytt og gjer klar for ny aksjon for eit nytt årskull med sjuandeklassingar.

Ny runde med leselyst

TEKST: **Janne Karin Støylen**

PROSJEKTLEIAR OLE IVAR Burås Storø er så nøgd med den første runden med «Tid for ti» at han tidvis omdøyper seg til Ivar Buraasen. No er han klar for ein ny runde, rett nok med nokre justeringar.

– I den neste runden med «Tid for ti» skal vi samarbeide tettare med lokale bibliotek, slik at bøkene som er representerte i antologien, er å finne i biblioteket. Vi vil også legge opp til å formidle bøker på foreldremøte, seier Ole Ivar Burås Storø.

Nynorsksenteret har jobba saman med Foreininga !les om å velje ut dei ti tekstane, og fleire tilsette på Nynorsksenteret har lese inn tekstutdraga til nettsida tidforti.no. Andre tilleggssressursar til aksjonen er lærarrettleiing, oppgåver og konkurransar.

Kjernen i «Tid for ti» er ein antologi med ti utdrag frå nyare, nynorsk ungdomslitteratur som høver for sjuandeklassingar. I første runden gjekk heile opplaget på 15 000 bøker ut, om lag likt fordelt mellom skular der elevane har nynorsk som sidemål og hovudmål.

Sentrumsskulane i Oslo var dei første til å melde seg på, og tilbakemeldingane er jamt over svært positive.

– Aller kjekkast har det vore å sjå den store responsen på ulike skrivetevlingar og andre kon-



Meld skulen din på Tid for ti:
foreningenles.no/barneskole/tid-for-ti/pameldingsskjema-tid-for-ti


kurransar. Hundrevis av elevtekstar er komne inn. Teikningar også. Vi vil vurdere om vi skal ha andre typar kåringar neste år, kanskje kunne ein tenkje seg ein premie der ein vinnarklasse fekk reise til Ivar Aasen-tunet? Eller ein konferanse for

lærarar med ytterlegare tips til lesing og skriving på nynorsk? Det er eit herleg potensial i denne aksjonen, og eg gler meg til å komme i gang med ei ny og revidert utgåve av aksjonen, avsluttar Ole Ivar Burås Storø, alias Ivar Buraasen. ■

Felleslesing er ein undervisningsmetode i lesing i skulen utvikla av Donald Holdaway, leseforskar frå New Zealand. Ideen bak metoden er at læraren og elevane les ein tekst i fellesskap og utvekslar tankar rundt teksten. Prosessen er styrt og modellert av læraren.

Å bruke felleslesing for å utvikle god leseforståing

TEKST: **Eirik Tissner**, lærar, lærebokforfattar og forteljar



HOVUDMÅLET FOR FELLESLESINGA er at elevane skal få gode opplevingar med det å arbeide med tekst. Dei skal lære seg å tenkje kritisk, sjå korleis mindre delar av ein tekst er sette saman til ein større heilskap, snakke saman og bruke bakgrunnskunnskapane sine og ulike lesestrategiar for å forstå mest mogleg av innhaldet. Holdaways modell for felleslesing («Shared reading») består av fire delar:

- 1) Modellere lesinga
- 2) Delta i lesinga
- 3) Praktisere sjølv
- 4) Presentere sjølv og vise til andre

Gjennom felleslesing blir elevane betre på avkoding, leseflyt og å sjå samanhangar i teksten, og får utvida omgrepsapparatet sitt. Læraren tek utgangspunkt i forkunnskapar elevane har, og hjelper dei til å velje funksjonelle lesestrategiar for å forstå innhaldet i teksten.

ORGANISERINGA AV EI ØKT med felleslesing kan variere, men ved at teksten blir presentert digittalt på eit smartboard, kan læraren og elevane sjå teksten samtidig som dei jobbar med han. I tillegg er det viktig at eleven har ein læringspartner som han kan utveksle tankar og synspunkt med.

I ei felleslesingsøkt set læraren eit klart lese-mål. Elevane skal vite *kvifor* dei skal lese teksten. Det er heilt avgjerande for motivasjonen. Kva slag lesemål kjem an på teksttypen og kva læraren vil at elevane skal lære. Deretter tek læraren tak i bakgrunnskunnskapane elevane har om teksttypen, og brukar det elevane kan frå før til å skape forventingar til teksten. Det at elevane tek utgangspunkt i forkunnskapane sine, gjer dei i stand til å fordøye ny kunnskap og å skilje viktig informasjon frå meir perifer. Dersom elevane seier kva dei veit

om teksttypen, temaet og sentrale omgrep før lesinga, vert dei nysgjerrige på teksten, dei kjem i «tekstmodus», og kan lese med meir forståing.

LÆRAREN HAR DET OVERORDNA ANSVARET for felleslesinga. For det første modellerer han/ho høgtlesinga for elevane. Deretter er den aller viktigaste oppgåva til læraren å stille spørsmål, til dømes kvalitative spørsmål for å leite etter ei djupare mening i teksten. Å stille opne spørsmål set i gang refleksjon og genererer oppfølgings-spørsmål: – *Skjer det noko i teksten som er vanskeleg å forstå? Var det noko som gjorde teksten spesielt spennande eller annleis? Kva for delar er teksten sett saman av?* Eleven si rolle i felleslesinga er først og fremst å vere ein aktiv lyttar og å snakke med læringspartnaren om problemstillingane.

I felleslesinga kan læraren bruke tekstar som i utgangspunktet er litt vanskelegare enn det elevane har føresetnader for å forstå om dei les åleine. Gjennom læraren si modellering og samtalen etterpå kan elevane forstå meir av innhaldet i teksten. På denne måten er felleslesing ein aktuell metode i leseopplæringa også på mellomsteget.

Å LESE DEN AKTUELLE TEKSTEN fleire gongar er vanleg praksis når vi driv med felleslesing. Mellom anna vil dette føre til at elevane lærer fleire omgrep. Ofte seier elevane sjølve at dei oppdagar nye «ting» ved å repetere teksten.

Når elevane deler erfaringane sine, både med læringspartnaren og i klassa, får elevane tilgang på sine egne og andre sine tankar. I det ligg det mykje mellommenneskeleg læring, og det gjer at elevane utviklar evna til å sjå samanhangar og kan forstå meir komplekse tekstar. Å bruke felleslesing i undervisninga er å ta elevane si leseforståing på alvor. ■



Eirik Lissner

Kjelder

- Klinkenberg, J.E. (2012).
Å bedre barns leseflyt.
Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Anly, I., Lissner, E., Nome, S. (2015).
Kaleido 5 Lærers bok.
Oslo: Cappelen Damm.
- Anmarkrud, Ø., Refsahl, R. (2010).
Gode lesestrategier – på mellomtrinnet.
Oslo: Cappelen Damm.
- Steen-Paulsen, M., Wikborg, G. (2012).
Lesing i alle fag – på mellomtrinnet.
Oslo: Cappelen Damm.
- Skaftun, A., Solheim, J., Uppstad, P.H. (2014).
Leseboka. Leseopplæring i alle fag på ungdoms-trinnet. Oslo: Cappelen Damm.
- Traavik, H., Alver, V.R. (2008).
Skrive- og lesestart, skriftspråkutvikling i småskolealderen. Bergen: Fagbokforlaget.



Arnfinn Kolerud snakkar om kvalitet i barnebøker.

A for Arnfinn, som les alt

TEKST: **Anne Marta Vinsrygg Vadstein** FOTO: **Per Eide**

ARNFINN KOLERUD er forfattar og kjem frå Isfjorden, men bur i Måløy. Han har skrive sju bøker, for barn, ungdom og vaksne. Han har fått ei rad høgthengande prisar for bøkene sine, og sit i vurderingsutvalet for barnebøker. Dei som sit i vurderingsutvalet, avgjer kva bøker som skal kjøpast inn til biblioteka, og kva bøker som blir avslått. Dermed spelar dei ei sentral rolle når det gjeld å bestemme kva bøker barn og unge skal bli kjende med.

– Vi er fire personar som les alt som kjem ut av skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker, skrivne av norske forfattarar. Eitt kriterium er kvalitet, eit anna er at ein viss prosent av boka skal vere nyskrivne tekstar. Uansett er det kvalitetssikring vi driv med.

Kva meiner du er teikn på kvalitet i barnebøker?

– Å, det er mykje. Om eg skal setje opp nokre punkt, må det vere desse:

- Barneperspektivet må vere overbevisande.
- Forteljarstemma må vere tydeleg.
- Forfattaren må ikkje overforklare.
- Handlinga må vere nokolunde fokusert.
- Språket må stå til personane.

– Det er med andre ord nokså like krav til barnebøker og vaksnebøker.

Men trur du barn og vaksne har dei same kriteria for kva som er ei god bok?

– Det er freistande å svare at ungar er i overkant opptatt av ytre handling. Men dei fleste vaksne er vel det same, om vi ser på salstala av krimbøker. Noko av det første vi spør om når det er snakk om ei bok, er: Kva handlar ho om? Vi spør ikkje: Er det mange flotte metaforar der? Slik sett spelar språket andrefiolin. Men eg blir alltid glad når det ligg ei nynorsk bok i postkassa. Eg håper alltid at ho er god. Men når eg først les, tenker eg ikkje på målforma. Og kravet til kvalitet er sjølvsagt det same.

Ser du nokon typisk tendens i barnebøker no for tida?

– For litt større barn kjem det ut ein del bøker med parallelle handlingar. Forteljinga hoppar fram og tilbake i tid og rom, og mellom ulike personar. Det krev ein del av både forfattar og lesar. Elles er det helst det snille barnet som fortel, ikkje det rampete. Og besteforeldra er like synlege som foreldra.

Kva tenkjer du om å anbefale serielitteratur kontra einskildbøker?

– Det er ingen som ventar på ei einskildbok, for ingen veit at ho kjem. Eg trur både bøker og

menneske har godt av å bli venta på. Eg vil ikkje seie at det eine er betre enn det andre. Nokre ferierer på den same campingplassen i Sverige i tjue år. Andre må heile tida reise til nye land. Eg vil berre seie at i songar blir eg ofte irritert over at det er for mykje refreng og for lite vers. «Ja da masa», seier eg til radioen. «Eg har høyrte det der no, that I love you og need you. Sei noko anna!»

Kva er dine tre favorittbøker blant dei nynorske barnebøkene for 3.–7. trinn?

– Eg liker godt Rune Belsvik sine bøker om Dustefjerten, og vil helst høyre Belsvik sjølv lese. I fjor kom Erna Osland med *Ta 100 steg og få ein venn*. Ho skriv både kort og godt. Og så har eg stor tru på dei nye dikta til Ruth Lillegraven. Eg har berre bladd litt i boka, men det ser lovande ut.

Kva med spennings- eller humorbøker, kva vil du anbefale?

– Oj, det var vanskeleg! Handlinga i spenningsbøker er ofte irriterande lett å føresjå. Og såkalla humoristiske og elleville bøker er gjerne masete og har store bokstavar og utropsteikn. Om nokon veit om ei verkeleg artig bok for mellomsteget, vil eg gjerne vite om det! ■

Bli kjend med Klart vi les!-forfattaren i 2016, Bente Bratlund.

Litteraturen kan gje noko å vekse på

TEKST: **Anne Marta Vinsrygg Vadstein**

BENTE BRATLUND har skrive mange titals bøker på nynorsk, både for barn og vaksne. Ho er utdanna lærar og rettleiar og har arbeidd i skulen i mange år, men dei siste åra har ho skrive på fulltid. Bøkene gir ho ut i Noreg, men også i Sverige og Danmark, og dermed er det svært mange barn som møter tekstane til Bratlund i oppveksten. Sjølv seier den produktive forfattaren at ho likar å skrive mange ulike typar bøker, og at ho ikkje tek lett på det å skrive for barn. Dei skal nemleg ha det aller beste.

Bratlund er ikkje redd for å skrive bøker i augehøgde med barnet, og bøkene er populære hos målgruppa. Eit døme på det er bøkene om Hanna og Emma.

Korleis «kom du på» ideen om desse bøkene?

– Eg hadde lyst til å skrive litt om det å forelske seg, noko som skjer i alle aldrar. Korleis er det å vilje ha ein kjærast når ein er barn, korleis går ein fram, og kva kan skje undervegs? Etter kvart vart eg så glad i personane Hanna og Emma at eg berre måtte skrive meir om dei. Dei vart nesten som familie. Når eg startar på ei bok, er

eg oppteken av historia eg vil formidle. Så finn eg personane og følgjer dei vidare. Gutar eller jenter, det blir det det blir. Av og til er det tungt å skrive, men bøkene om Hanna og Emma var det ein rein fryd å skrive.

Du skriv om små og store ting, og av og til om skikkelige alvorlege tema, som i Bebe-bøkene.

– Ja, i utgangspunktet skreiv eg dei bøkene for ungdomsskulen, men dei blir brukte ein del i 7. klasse, som samtalebøker. Det å veksle mellom å skrive alvorlegare tema, som i *Fly Tea! Fly!* og lettare bøker som *Prompebroren*, det er kjekt. Det skal finnast ei bok for alle barn, så dei kjenner at dei ikkje er åleine i verda. Lesing opnar eit rom i ein som ein kan gjere nytte av i livet, og litteraturen kan vere ein meistringsreiskap for livet. Barn har det ikkje heilt enkelt, og mange kjenner seg åleine. Litteraturen kan gje noko for det indre livet, noko å vekse på. Eg håpar at bøkene kan få elevane til å sjå at ei utfordring kan vere ein ressurs, ikkje eit nederlag.

Du har skrive to bøker for Leseland, og den nyaste kjem no i haust. Kor viktig meiner du det er å lese bøker på si eiga målform, allereie frå ein er liten?






– Nynorsk er viktig for meg, det er språket mitt, pulsen min, pusten min. Å få lese på sitt eige språk styrkjer identiteten, og eg meiner det er sjølvsgatt at lærarar bør leggje vekt på å leite fram interessante bøker på hovudmålet til elevane. Dessutan er det viktig at bøker ikkje må krevje meir enn ein orkar. At ei bok er lettlesen, til dømes, vil ikkje seie at ho er lettvin. Innhaldet kan godt vere avansert fordi om boka er lettlesen.

Du er sjølv lærar og rettleiar. Kva gjorde du for at elevane skulle få smaken på bøker, då du arbeidde i skulen?

– Eg las mykje for dei, helst ei stund kvar dag. Eg ville gje dei den opplevinga det er at nokon les høgt for dei. Til og med i ungdomsskulen var dei veldig lyttande. Dessutan ønskte eg å leggje til rette for at dei skulle finne interessante bøker å lese sjølve. For barn, akkurat som for oss vaksne, er det forskjellige bøker som appellerer. Det viktigaste er at dei les, ikkje kva dei les. Det er viktig at dei får lese bøker som gir dei lyst til å lese ei bok til, og ei bok til, osv.

Ifarten: Kva er dine nynorske tre-på-topp-barnebøker for 3.–7. trinn?

– *Tonje Glimmerdal* av Maria Parr må eg jo berre nemne. Eg har sett kva den boka kan gjere, og korleis ho treffer. Og så Linn T. Sunne si bok *Hjarteklapp*, den likar eg også godt. Dessutan elskar eg bøkene om Dusteffjerten, av Rune Belsvik. ■



Forteljingane om Hanna og Emma, Thea og Bebe er nokre av bøkene frå Bente Bratlund som er aktuelle for 3.–7. trinn. Dei aller nyaste er tilskota til Leseland-serien, *Prompebroren* og *Feriefiasko*.

Olav H. Hauge var handverkar både som fruktdyrkar og diktar. Den enklaste måten å læra fruktdyrking er ved å dyrka frukt. Den enklaste måten å læra om dikt er ved å dikta sjølv. Om elevane får dikta sjølv, forstår dei sjangeren betre.

Korte tekstar skapar skriveglede

TEKST: **Geir S. Netland** og **Per Magnus F. Sandsmark**, Olav H. Hauge-senteret, Nynorsk kultursentrum

DIKTET ER EIN OPEN og mangfaldig sjanger. I norskopplæringa er ein av fordelane til diktet at det oftast er korte tekstar. Elevane kan relativt raskt lesa ein tekst, og dei kan nesten like raskt skriva ein tekst. Det er få reglar om korleis ein skal lesa eller skriva eit dikt, men likevel er det mange verkemiddel elevane kan prøva ut og leika seg med.

Sidan Olav H. Hauge-senteret opna i 2014, har over 1 400 elevar på alle steg i skulen vore med på poesiverkstadar hjå oss. I poesiverkstadene har me eit mangfald av oppgåver som ulike forfattarar har laga for oss. Dei er enkle og engasjerande for elevane. Alle som har vore hjå oss, har skrive minst eitt dikt, og alle elevane har hatt minst eitt dikt hengande i utstillinga vår i etterkant av verkstaden.

Me har valt å ta utgangspunkt i det kreative, spontane og opne i lyrikksjangeren. Det gjer at elevar som elles ikkje er dei mest ivrige i skrivinga, plutsleg kan bløma. Likevel må ikkje skrivinga vera for fri. Fråværet av reglar krev at vi som pedagogar set andre rammer for oppgåvene. Kreativiteten vert størst om rommet for kreativitet vert avgrensa.

Ministeren drikk morgonkaffi
Han held rundt den varme koppen
med begge hender smakar
prøvande på sekundet
Han tenkjer på Thales
som sa at alt er vatn
Han tenkjer på at 97,2 %
av alt vatn på
jordkloden finst i
havet at berre 0,02 %
finst i elvar og
innsjøar

Odveig Klyve

Ved å leggja vekt på det skapande og det attkjennelege
opnar vi diktopplæringa for fleire elevar.
Korte tekstar kan skapa skriveglede for alle.

Noko av det spennande med diktet er at det kan sjå ut som noko ved første augekast, men vera noko heilt anna. Ei god skriveoppgåve kan utnytta den same overraskinga. Du kan til dømes tømme skulebiblioteket for nynorsk lyrikk. Etter at elevane ganske tilfeldig vel ei bok, ber du dei slå opp på ei vilkårleg side og velja ei linje i diktet. Denne linja skriv dei øvst på eit ark. Etter at dei har gjort det, samlar du inn diktbøkene igjen og ber dei skriva vidare om eit gitt tema. Me ber dei ofte skriva om mor, far eller læraren. Då må elevane klara å sno seg frå ei tilfeldig setning til eit nytt tema. Dei leikar, diskuterer, hjelper kvarandre og vert frustrerte. Nett som andre diktarar.

Det er viktig i diktopplæringa å syna at eit dikt kan vera mange ting. Det kan vera figurar, som til dømes Odveig Klyve meistarar godt. Dikt kan ha handling og handla om enkeltpersonar. Ruth Lillegravens dikt for born på mellomsteget, *Eg er eg er eg er*, kan vera eit døme på det. Vår erfaring er at det fungerer godt å opna med ei kreativ oppgåve, deretter syna handling, figurar og andre verkemiddel som er enkle å oppdaga, og deretter nytta dei dikta elevane har skrive sjølv, til å finna fram til kva verkemiddel ein kan nytta. Etter at

borna sjølv har leika med verkemiddel, kan ein finna att verkemiddel i tekstar. Ofte er det då enklast å starta med songtekstar. Populærmusikk for born og unge er ofte svært gode utgangspunkt for å finna og diskutera verkemiddel. Dessutan verkar ikkje songar framande for elevane.

Ved å leggja vekt på det skapande og det attkjennelege opnar vi diktopplæringa for fleire elevar. Korte tekstar kan skapa skriveglede for alle. ■

Kjelder

Dale, G., Nødtvedt, E., Torvund, H., og Vetrhus, M. (2014, upubl.). *Oppgåver til Poesiverkstaden på Olav H. Hauge-senteret*. Ulvik: Nynorsk kultursentrum.

Kaldestad, P.O., og Knutsen, H. (2006). *Diktboka. Om arbeid med poetiske tekstar i skolen*. Oslo: J.W. Cappelens forlag.

Sandsmark, P.M.F. (2017, upubl.). Å stille ut handlingar. Immateriell kulturarv på utstilling. I P. Cederholm, og H. Huseby, *Utstillingsboka*. Trondheim: Museumsforlaget.

Fire tips til lyrikkopplæringa

1 Alle har ein favorittsong

Både elevar og lærarar plar verta overraska over kor mange verkemiddel dei finn i favorittsongane sine.

2 Lukka oppgåver gir mange opningar

Ein god hugseregulering kan vera å alltid ha to avgrensingar i oppgåva. Då vert tankane styrte i ei retning, og det vert enklare å byrja og avslutta.

3 Det vert enklare med verb

Elevane er mest vane med å fortelja. Derfor kan ein måte å få elevane til å koma i gang med ei lyrikkoppgåve på, vera å spørja kva som skjer vidare.

4 Bruk Diktkammeret.no

Frå årsskiftet 2016/2017 tek Nynorsk kultursentrum med Olav H. Hauge-senteret over *Diktkammeret.no*. Der kan elevar og andre leggja ut dikt, få tilbakemeldingar frå forfattarar, lyrikkformidlarar og andre som skriv.

La elevane laga ein teikneserie med utgangspunkt i dikt eller andre småtekstar.

Frå dikt til teikneserie

TEKST: **Arild Torvund Olsen** ILLUSTRASJON: **Eleuteikneserie** med utgangspunkt i diktet «På gjennomreise»



Du finn nynorske teikneseriar, opplegg og lærarressursar på www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/

Å OMFORMA EIT DIKT til ein teikneserie kan gje elevane ein fin innfallsvinkel til å gå djupare inn i teksten. Dei må finna ut kva som er essensen i diktet og kva som bør formidlast i teikneserien. Visualiseringa vert her ein måte for elevane å konkretisera innhaldet i teksten, og dei ulike visuelle tolkingane elevane lagar, kan ofte vera fine utgangspunkt for samtalar om diktet.

I eit slikt arbeid treng elevane rammer og stillas å arbeida ut frå, for å gjera det lettare både å koma i gang og å verta ferdig. Ikkje minst er det viktig at dei planlegg manuset godt før dei byrjar teikna. Dei må tenkja gjennom handlinga, kven som skal vera hovudpersonen eller hovudpersonane i serien, korleis figurane skal sjå ut og kvar og når forteljinga skal gå føre seg.

Kor mange ruter vil dei nytta, og korleis vil dei variere bilet- og perspektivbruken? Skal serien ha forteljarrøyst, snakkebobler eller bae delane? Er det noko av teksten frå diktet som kan kuttast eller formidlast via bilete i staden? Skal serien få noko tekst som ikkje var i diktet, til dømes nye replikkar? Det er mykje elevane bør ha tenkt gjennom før dei set i gang med teikninga, og det kan difor vera lurt å laga ei form for hugseliste for dei på tavla. La dei gjerne testa ut ruteinndelinga, figurplasseringa og tekstmengda i eit skissemanus før dei byrjar laga detaljerte teikningar, slik at dei kan eksperimentera med å flytta på ting, klussa over og notera fritt, utan å vera redde for å øydeleggja teikningane sine.

Sats på å laga heilsides teikneseriar. Det stutte avisstripeformatet er overraskande vanskeleg å meistra, og difor ikkje godt eigna for ferske serie-skaparar. Einsidarformatet er derimot ope nok til å stimulera kreativiteten, men avgrensa nok til at det vert overkomeleg. Bruk gjerne A3-ark, og kopier serien ned til A4-format før fargelegging – då vert elevane truleg overraska over kor fine og detaljerte teikningane deira vert.

Hugs at elevane ikkje treng vera fantastiske teiknarar for å laga gode teikneseriar. Det er mogleg å driva med god historieforteljing med enkle teikningar. ■



Tunkatten

TUNKATTEN LURIVAR bur i Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda på Sunnmøre. Der har han budd i mange år – når han ikkje er ute på reise, då. Lurivar likar å følgje med i alt som skjer, særleg i det som handlar om born, bøker og språk. På nettstaden sin legg han ut tips om gode bøker, songar, forteljingar om seg sjølv og mykje meir. Klart vi les!-forfattaren i 2016, Bente Bratlund, har til dømes skrive ei forteljing til sida hans. Lars Mæhle, Maria Parr, Arnfinn Kolerud og Erna Osland er andre døme på forfattarar som er representerte.

Tunkatten si songbok inneheld kjende og nyskrivne songar på nynorsk. Dei er sorterte etter tema, så det er enkelt å finne ein song som passar, og du kan laste ned både musikk og notar til data-maskina di.

www.tunkatten.no

Boktips på nettet

NYNORSKBOK.NO er ei vevside for dei som er på jakt etter gode, nyare nynorske bøker for born og unge. Det finst mange gode barne- og ungdomsbøker på nynorsk, men det kan vere ei utfordring å halde seg oppdatert på den nye litteraturen som kjem. På www.nynorskbok.no finn du boktips, omtalar av bøker og informasjon om kva aldersgruppe bøkene kan passe til.

www.nynorskbok.no



Nynorske lesegleddarar i Sogn og Fjordane

EIN LESEGLEDDAR er ein bokelskar som gjerne vil gi andre eit godt og inspirerende møte med bøker. Målet er å vekke leselyst og leseglede hos barn og unge. I Sogn og Fjordane finst det i dag ei gruppe aktive lesegleddarar som har gått på kurs i regi av Nynorsksenteret og fylkesbiblioteket. Dei er nynorske lesegleddarar. Ordninga er etablert etter modell frå Rogaland.

Formidlarane har eit godt overblikk over ny barne- og ungdomslitteratur, og sjølvstilt spesielt den nynorske litteraturen. Dei formidlar ofte direkte til barn og unge, men også til dei vaksne som er mellom boka og barnet, som lærarar, bibliotekarar eller foreldre. Ei økt med ein lesegleddar kan ha mange former. Det kan dreie seg om ei roleg lesestund for ei gruppe, dramatisering av ein tekst eller presentasjon av eit utval aktuelle bøker for målgruppa.

Ta kontakt med Siri Ingvaldsen ved fylkesbiblioteket om du ynskjer besøk av ein lesegleddar eller kan tenkje deg å bli ein lesegleddar sjølv.

fylkesbiblioteket.sjf.no

BOKTIPS



Nathalie Simonsson: Verdas viktigaste bok

Denne boka handlar om kropp, utsjånad og kjærleik. Du får lære om både jentetissen og gutetissen, og ein del om sex. Men dette er ikkje berre ei faktabok, for ho handlar også om sånne ting som du berre kan vite sjølv. Korleis det kjennest inni deg, og kva som er bra for akkurat deg.



Verdas rekordbok / Verdas mystiske stader

I *Verdas rekordbok* kan ein lese om rekordar som til dømes den varmaste og kaldaste plassen på jorda, det største og det minste landet og om verdas mest uheldige mann.

Ei anna faktabok fortel om mystiske stader. Rundt om i verda finst det gåtefulle stader der det skjer uforklarlege ting. Kvifor laga folket på Påskeøya statuar? Og korleis hamna steinane i Stonehenge akkurat der?



Mats Wänblad: Slik funkar det!

Dette er boka med aha-opplevingar og basis-kunnskap for nysgjerrige i alle aldrar – les og forstå korleis ting heng saman!

Kan du forklare korleis lypspæra kan lyse, korleis vatnet kan vere reint i alle kranene våre, eller korleis ein oppbevarte mat før frysen fanst? Om du allereie veit det, finst det mykje anna du kan suge til deg i denne faktabibelen. Boka har lett tilgjengelege tekstar og spenstige og gjennomarbeidde illustrasjonar.



Ørjan Håskjold Nyland: Ørjans keeperskole

Ørjans keeperskole er ei bok som høver godt for fotballinteresserte gutar og jenter. Boka inneheld først og fremst tips til born og ungdom om korleis dei kan bli ein god keeper. Men innimellom avsnitta med «reine» treningstips kjem fotballfakta og forteljingar frå eigen karriere.



Magnhild Bruheim: Bjørnemysteriet

I denne tredje spanande krimforteljinga om Stian og Stine hender det fleire ran og innbrot. Det rare er at gjerningsmennene har på seg dyrekostyme. Stian og Stine grip fatt i saka og byrjar å etterforske på eiga hand. Slik viklar dei seg inn i fleire skumle situasjonar. Kven er venn, og kven er skurk? Og kva er det eigenleg som føregår i nattemørket på garden Vistad?




Trine Andersen: Sprint

Anna ser skuggar som liknar på ein som før gjekk i klassa hennar. Han har forsvunne heimanfrå, og Anna finn leietrådar som fører henne til den største sprinten i livet hennar. Boka har enkel tekst.



Erna Osland: Gullfalken

I desse nye eventyra er trolla bytte ut med stigande hav og manglande frisk luft. Vår tids Oskeladden er ny i landet, og heltane i alle desse eventyra er barn og ungdommar. Dei unge heltane vinn, fordi dei er omsorgsfulle, eller veit å verdsetje vennskap.



Lars Mæhle: *Harry og Ivar i Junaited Statessen*

Harry har handla store mengder tv-spel og blåbærbrus for millionen Ivar vann i ein oppfinnar-konkurranse, men snart er det tomt! For å få tak i nye pengar melder Harry seg på plystre-konkurranse i Junaiten. Han klarer å overtale Ivar til å bli med på «utflukta». Vinnaren av konkurransen får 100 000 dollars i money! Men Harry plystrar som ei sur sursild som nett har fått si tredje parkeringsbot for dagen.



Erna Osland: *He-he!* *Ei bok om den livsviktige latteren*

Barn ler 300–400 gonger for dagen. Vaksne berre 10–15 gonger. Mange dyr ler også! Kvifor ler barn så mykje meir enn vaksne? Kan latter gi oss venner? Blir vi snille av å le? Eller friske? Og er det mogleg å le seg i hel? Dette er nokre av dei mange spørsmåla du finn svar på i boka *He-he!* Det handlar om kor skummel latteren kan vere, men mest av alt kor godt og viktig det er å kunne le.



Christian Wiik Gjerde: *Jakta på Firkløveren*

På Gulløya, uti havgapet, er det ikkje flust av leikekameratar, men Jens og Alvar har kvarandre. Dei er bestevenner og er saman støtt. Det er sommarferie og skulefri, og Alvar og Jens badar, leitar etter firkløver og er i trehytta si. Og så ventar dei på den nye guten, Magnus, som skal flytte inn i Kråkeslottet.

Den nye guten kjem. Det blir sjalusi, krangel og forviklingar. Korleis kan dei ordne opp? *Jakta på firkløveren* er ei sommarvarm og spennande høgtlesingsbok frå tredje trinn og oppover.



Ingunn Røyset: *Dei et ikkje sjokoladepålegg i krigen*

Dette er ein roman der ei jente frå vår tid blir send på ei spennande tidsreise tilbake til eit Noreg i krig i januar 1945. I oppfølgjaren *Aldri fred å få* blir Dagny på ny send tilbake i tid, og no har ho også blitt storesøster. Forfattaren Ingunn Røyset har skrive bøkene med utgangspunkt i sanne historier og har bunde det saman til ein barne-roman. Bøkene inneheld dramatiske historier, mellom anna om det å vere engelsk agent og om å gøyme radio og poteteter.



Laura Djupvik: *God dag, herr Jul*

Malin og veslesystera Molla skal prøve å feire jul i eit hus som dei akkurat har flytta inn i, i lag med ei mor som synest at jula berre er dyr og slitsam. Det nye huset deira ligg i ei gate der gatelyktene ikkje fungerer, og i nabohuset bur det ein veldig einsam person, og så ei heks? Her er julebodskapen sett inn i ein samanheng der ting er litt merkelege og rare. Det er ei varm og god forteljing.

Gutar og leselyst

UNGE GUTAR har låg leselyst og dårlege leseferdigheiter samanlikna med jenter.

– Men gutar er ikkje uinteresserte i bøker og lesing, seier Trude Hoel ved Lesesenteret. – Det handlar om at vi må få vist fram det dei opplever som aktuelt, og som dei har lyst til å lese. Mange gutar er interesserte i å lese humoristiske tekstar som får dei til å le. Dei vil ha tekstar som er litt pirrande, og som inneheld action. Sport og fantasy er også tema som opptar gutar (Unge gutter og leselyst, Lesesenteret).

Å få lese på sitt eige språk styrkjer identiteten, og eg meiner det er sjølv sagt at lærarar bør leggje vekt på å leite fram interessante bøker på hovudmålet til elevane.

BENTE BRATLUND

